

**Frå snøggbåt til Guatemala**

18.01.2012

**Venstre i Kvinnherad har årsmøtet sitt fredag kveld og det er lagt til Dønhaugkjedlaren. Det blir eit allsidig program, som spenn frå lokal snøggbåtrute til Guatemala.**

**Om snøggbåtruta er det meldt inn fråsegn med bakgrunn i framlegget frå fylkesrådmannen om å leggja ned ruta til Bergen frå Sunnhordland. Steinar Haugan skal ha innlegg om venskapssamarbeidet mellom vår kommune og San Lucas Toliman. Han har vore der og er aktiv i dette arbeidet.**

Av mange hjelpetiltak vil han særleg ha fokus på ordninga med utdanningsstipend til evnerik ungdom, som til no har vore vellukka, Med 10.000 kroner i året kan ein halda ein ungdom på høgskule i hovudstaden.

Utdanning er avgjerande og viktig for å skapa utvikling og endring i eit elles ustabil samfunn.

Møtet er ope for alle interesserte men styret ynskjer påmelding grunna servering.